

Kjære medarbeidarar i kyrkja vår.

Dette vert eit slitsomt år for mange. Det er like fullt eit år for å vere nettopp det vi er: Kyrkje. Folkekyrkje.

Alle tilsette i kyrkja og alle som gjer ein innsats i kyrkja går gjennom store krav til omstilling, til skiftande reglar for utenkte og no vekslande realitetar, med stadig nye drøftingar om korleis ein skal ordne det eine og det andre.

Alt er påverka av det store alvorret som ligg over situasjonen, ein pandemi som kan kome ut av kontroll slik at det står om liv og helse for mange. Vi og våre samankomstar kan verte smittekjelder med alt det ville innebære. Vi ser korleis mange land er ramme, hardt, igjen, og det andre slaget kan vere tyngre å takle enn det første.

Vi har gjennom samhandling mellom styresmakter og folk i dugnadsånd klart å halde smittetrykket nede i vår, og vi skal klare det igjen.

Det er imponerende korleis alle de kjære kollegaer i kyrkja – i alle slags oppgåver - har tatt tak, gjort endringar, halde fram med unntak og prøvd nye tiltak.

Det er mange grunnar til å verte trøytte no.

Vi lever i eit samfunn der mange vert trøytte og lei. Frå helsepersonellet som må kle seg i smittevernustyr igjen og igjen - til kyrkjeverjen og kyrkjetenaren som må innføre nye reglar for kva som kan skje i kyrkjene der folk treng å samlast – til statsministeren som er lei av alt ekstra arbeidet og diskusjonane og det store ansvaret.

Det er normalt, men krevjande å bli sliten over lang tid. Det tappar krefter. Og det krev utholdenheit. Det kan vere verst for dei yngre mellom oss å ha det. Mange unge strevar med å halde energien og motet oppe når skule og studier skal skje digitalt. Men våre kjære folkekyrkjemedlemmer lurar på om arbeidet deira vert for smittefarleg i dag, eller om det er heimekontoret som vert

arbeidsplassen i overskueleg framtid, andre fryktar for at det ikkje er arbeid å få framover. Vi veit at mange kjenner på at dei er einsame - og igjen må vere enno meir for seg sjølv enn før.

Ikkje alt skal endre seg sjølv om vi no må gjere endringar i kva vi kan gjere og kva vi ikkje kan gjere i kyrkja. Det er noko ved det vi er og det vi står for som kyrkje som kan fortsette, som skal halde fram, som må halde fram nettopp no.

Dei siste dagane har eg nynna på nokre ord frå ein sang, ein hymne, som gjorde eit voldsomt inntrykk på meg fyrste gong eg var med på å synge den. Det er kalla nasjonalsongen for dei med afro-amerikansk identitet i USA: «Lift Every Voice and Sing». Samanhengen vi var i, var i seg sjølv svært spesiell og dramatisk. Eg deltok i fjor på ei 400-års markering av slaverihandelen, på stranda i Point Comfort (ja, hov ert faktisk kalla det!) i Virginia der det første slaveskipet hadde lagt til. Etter å høyrte talar der på stranda som reiv i hjarta om urett den gongen – og urett som held fram i eit rasekilt land, hadde vi om kvelden ei samling i ei baptistkyrkje der. Nokre av oss gjester skulle tale. Eg hugsar eg talte frå hjarta med klump i halsen, og det står ikkje skrive nokon stad. Så eg hugsar ikkje no kva eg sa på vegne av alle medlemskyrkjene i Kirkenes Verdensråd. Men eg hugsar songen som vi og koret med eit orkester song, ståande, med ei innleving og eit sug som nesten berre slike forsamlingar kan skape.

Det er ein song om fridom. «Lift every voice and sing, 'till earth and heaven ring, ring with the harmonies of Liberty». Det er ein setning litt lenger ut i teksten som har sett seg fast i meg og som kjem veldig sterkt fram no: «God of our weary years».

Det er ei djup og kostbar erfaring som er uttrykt i dette. Kostbar i den forstand at det er uendeleg mange i generasjonar som har halde ut og som har kjempa for menneskeverd, fridom og fellesskap. Men det er kostbart også i den forstand at det er noko dei fant, noko som viste seg å være uendeleg verdifullt. Noko som var berekraftig, som ikkje

var ei kjapp trøyst eller ei god forklaring, eller ein effektiv metodikk eller ein god teknikk for å halde ut, men rett og slett ei vedkjenning, ei bøn:

«Gud i våre slitsame år», eller «våre slitsame års Gud».

Dette er ikkje berre slitsomme dagar, det er slitsomme månader, og eit år – eller to.

Då skal vi lytte til dei som har kostbare erfaringar, ikkje berre som enkeltmenneske, men som folk.

Den Gud som dei vedkjenner var der, er der, også når det berre handla om å halde ut, halde fram, halde fast på håpet, halde tak i kvarandre, halde på, ikkje gi opp.

Deira erfaring kan ikkje samanliknast med vår. Men ho kan gi oss og andre mot til å halde fram – som kyrkje, fordi vi trur på, fordi vi festar vår tillit, fordi vi knyter våre dagar og netter til den Gud som «er våre slitsame års Gud».

I kyrkja skal vi kunne vere ærlege overfor andre og oss sjølve om at vi er trøytte og lei. Vi er eit fellesskap som skal tole det. Vi har som kall og praksis å vere ærlege i våre gudstenester og bønner når vi ber fram alt det som ligg oss på hjarta, både godt og gale.

Vi kan ikkje kan gjere dette i fellesskap slik vi ønskjer og vil no. Vi er like fullt ei folkekyrkje i ein nasjon som har fått noko å bere saman, noko dei fleste av oss ikkje har opplevd før.

Då vert det vår tur å seie: «God of our weary years». «Våre slitsame års Gud.»

Vi kan tenkje på at nokon, ja, mange har det verre enn oss. I ein rapport til KV sitt møte desse dagane er det lagt fram eit bilete av ei verd der mange må bære bører som er mykje større enn vi opplever: Mange fleire sjuke og døde, meir arbeidsløyse, fleire unge vert utanfor utdanning og arbeid, meir økonomisk og sosial uro, meir vald

mot kvinner og barn, fleire kyrkjer som mister det meste av inntektene sine.

Vi kan og vi skal også her mellom oss bere våre byrder saman, og våre folks byrder saman med dei. Det er tid for å løfte våre røyster, om ikkje anna for oss sjølv, og synge våre kjære songar som gjev oss mot. Som gjer at vi ser og høyrer dei andre, som gjev oss kraft til å vere noko for kvarandre som medarbeidarar og som tenarar for folk og folket vårt. Kyrkja er ein skatt, og formidlar ein dyrebar skatt, som vi skal løfte fram i dei enkle ord, i dei gode ord vi sender, dei nye tiltak vi gjer for at nokon skal kjenne at kyrkja bryr seg – og at Gud er våre slitsame dagars Gud.